



Norddal kommune

6210 VALLDAL

TORGVEDTEKTER FOR NORDDAL KOMMUNE

§ 1

Formannskapet avgjer kva offentlege plassar eller delar av offentlege plassar som skal nyttast til torghandel, og gir løyve til torghandel. Teknisk etat anviser desse plassane.

§ 2

Torghandlar må ha handelsrett i medhald av lov om handelsverksemd. Ingen må drive handel eller anna form for forretningsverksemd eller næring på torget utan å vere anvist plass.

§ 3

Torghandelen skal følgje same åpningstidene som butikkane. Gjer spesielle forhold det ønskjeleg eller naudsynt, kan formannskapet gje dispensasjon frå desse.

§ 4

Alle handel med matvarer, også fersk frukt, grønnsaker og bær, er underlagt dei reglar om hygiene som til eikvar tid blir fastsett av helsemyndigheitene.

Alle matvarer som vert lagt ut for sal, må anbringast i minst 70 cm høgde over bakken. Det er forbudt å sette varer direkte på torgdekket.

§ 5

Er det klaga til politiet eller anna offentlig myndigheit over sanitære mislegheiter på torget eller ved varene som vert omsett, skal slik klage straks meldast til kommunelege I. Kommunelege I har fullmakt til å ileggje midlertidig salsforbod på den måten han finn best. Kommunelege I avgjer kor lenge salsforbudet skal gjelde, og opphevar sjølv salsforbodet når forholda er retta på.

Torgtilsynet og politiet kan vise vekk torgseljarar som ikkje rettar seg etter påboda.

§ 6

Dei handlande skal sørge for reinhald på staden i salstida, og sørge for at omgivnadane ikkje vert skjemt eller tilsølt av verksemda. Brukarar av torgplassen er plikta å sette opp papirkorger.

Innan ein halv time etter at salstida er slutt, skal varer, korger, bord, m.m, samt avfall vere fjerna frå salsstaden.

§ 7

Eit løyve kan ikkje gjevast for lengre tid enn til 31. desember det året tillatinga blir gjeven.

§ 8

Handlarar som vert anvist plass på torg eller annan kommunal eigedom, skal betale avgift til kommunen for bruk av plassen. Avgifta skal betalast forskotsvis. Kvar einskild heftar for den tida plassen er elgid for. Avgift som er betalt kan ikkje krevjast tilbake.

Norddal kommunestyre fastset størrelsen på avgifta. Humanitære og frivillige organisasjonar er fritekne for betaling av avgift.

§ 9

Vil ein som har fst plass overlata plassen til ein annen, må ordninga godkjennast av teknisk etat. Er fast salsplass ikkje teken i bruk til klokka ti, kan plassen for den dagen overlatast til andre seljarar.

§ 10

Rådmannen kan i særlege tilfeller meddele dispensasjon frå paragrafane i denne forskrift. Avslag på søknad og tilbakekalling på løyve kan klagast til Norddal kommunestyre.